

**Fra:** Kristin Nielsen  
**Sendt:** 5. november 2014 12:18  
**Til:** 'Reidar Furelid'  
**Emne:** SV: SV: Tilleggsinformasjon - gbnr. 182 / 4: Gausereide.  
**Vedlegg:** Søknad om tiltak utan ansvarsrett - gbnr 1824 Gausereide - hagestova (43491).pdf


Hei!

Vedlagt er skjemaet "Søknad om tiltak utan ansvarsrett" kor side 2 må fyllast ut.

Det allereie innsendte teikningsmaterialet med tilhørande tekst viser ikkje utan tvil kor tilbygget var tenkt plassert.


Fasadeteikninga av bygget før hagestova vart satt opp, syner saman med den innsendte teksten at hagestova er plassert på **HØGRE** halvdel av fasaden.

Situasjonsplanen syner at hagestova er plassert på **VENSTRE** halvdel av den same fasaden. Sjå teikningane frå det innleverte materialet nedanfor:



Det er derfor er det ikkje mogleg for oss å vite nøyaktig kor denne hagestova faktisk er plassert, og såleis ikkje mogleg å leggje ho inn i kartet som alle bygg i Noreg – uavhengig av kommune og «paragrafrytteri» – skal inn. Det er derfor naudsynt med nokre minimumsmål på situasjonskartet.

Eg ber derfor om at du måler opp og sender inn minimum mål a som vist på situasjonsplanen under, saman med utfylt versjon av side 2 av «Søknad om tiltak utan ansvarsrett».



LINDÅS KOMMUNE

**Kristin Nielsen**

Rådgevar byggesak

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Reidar Furelid [<mailto:rfurelid@yahoo.com>]

Sendt: 5. november 2014 10:45

Til: Kristin Nielsen

Emne: Re: SV: Tilleggsinformasjon - gbnr. 182 / 4: Gausereide.

Hei!

Og takk for tilbakemelding.

Eg vert oppfatta som ikkje-professionell i dette høvet. OK, eg er truleg det ein kan kalla folkeleg i måten eg uttrykkjer meg på, i denne saka. Men eg reagerer gjerne svært på det eg vil kalla FIRKANTA og BYRÅKRATISK framstilling av forhold som kan ordnast med enkel bruk av den sunne fornuft. (Etter bortmøt 40 år som tilsett i Lindås kommune har eg gjennom åra opplevd mangt,- både av paragrafrytteri og heldigvis også bruk av den sunne fornuft!)

Om målsette avstandar: Rettleiaren på rådhuset fann at det eg hadde gjort på førehand ikkje var godt nok. Han printa ut nytt kart og teikna sjølv på plasseringa SOM TYDELEG SYNER PLASSERING etc. AV HAGESTOVA I HØVE TIL HUSET. Og så beskreiv eg det i tillegg. Meir vert ikkje gjort ut av dette frå mi side.

Bed no om at om det er levert noko usignert må det sendast attende til meg for signering.

Må seia at eg skjønner enno ikkje at papira som vart leverte ved konferanse med rettleiar ikkje var signerte der det var naudsynt. Sidan søknaden vart gjort ferdig på rådhuset, har eg ikkje kopiar hos meg sjølv for å sjå kva som vart levert. Beklagar.

Eg har hatt min konferanse med rettleiar og tek ikkje tid til meir til slikt i ei så kurrant sak. Takkar elles for tilbodet om konferansetid på rådhuset! Men tillet meg å spørja: Kor mykje TID skal brukast på ei så kurrant sak!

Eg er på 74. året. Har over 50 vinterfora sauer +++ på garden. Og på denne tida krev det tida mi fullt ut. Såleis MÅ tida brukast som best eg kan med det daglege.

Faktisk vil eg og meina at tidbruk frå kommunen si side OG bør stå i forhold til det dette gjeld: Eit triveleg tilbygg på huset vårt. Og det kan ikkje vera problem for nokon andre! Enn for byråkratar som les paragrafar?

Vil de ikkje behandla byggesaka vår etter at evt. har signert det aktuelle dokumentet,- får det bli som det er,- og vi sparer gebyret,- slik eg skjønner det. (Jfr. avslutning i første epost.)

Mvh  
Reidar Furelid

.-----  
On Wed, 11/5/14, Kristin Nielsen <Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no> wrote:

Subject: SV: Tilleggsinformasjon - gbnr. 182 / 4: Gausereide.

To: "Reidar Furelid" <rfurelid@yahoo.com>

Date: Wednesday, November 5, 2014, 10:33 AM

Hei!

Eg takkar for tilbakemeldinga.

Eg kjenner meg ikkje att i di omtale av oss, og er lei for at du kjenner deg utrettvist behandla.

Byggesaksavdelinga ønskjer å ha ei

profesjonell haldning til alle innbyggjarane i kommunen, og ønskjer ei tilsvarande haldning tilbake.

Du opplyser at tiltaket allereie er oppført. Sidan det ligg føre søknadsdokument i saka, vil kommunen halde seg til saka "som om" tiltaket ikkje er oppført - fram til søknaden er ferdig behandla.

Sidan søknaden ikkje er signert, kan ikkje kommunen behandle saka. Eg ber derfor om at dette blir gjort. Eg takkar for dei allereie innsendte målsette teikningane, men det er ikkje gjort greie for nøyaktig plassering av tilbygget i forhold til hovudbygget. Dette må visast med målsette avstandar.

Dersom du ønskjer det, kan vi avtale eit møte her på Rådhuset kor vi ferdigstiller den manglande informasjonen. Du må då på førehand måle opp den nøyaktige plassering av tilbygget. Passar det måndag 10. november kl. 10.00? Eventuelt tirsdag 11. november kl. 10.00 eller 14.00?

Om du ikkje ønskjer eit slikt møte, ber vi om at dei manglande opplysningane vert sendt inn.

Med venleg helsing

Kristin  
Nielsen

Rådgjevar byggesak

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Reidar Furelid [mailto:rfurelid@yahoo.com]

Sendt: 2. november 2014 18:17

Til: Kristin Nielsen

Emne:

Tilleggsinformasjon - gbnr. 182 / 4: Gausereide.

Hei!

Viser til

brev av 30.11.2014:

Førebels svar - trong

for tilleggsdokumentasjon - gbnr. 182 / 4: Gausereide.

For å gjera det klårt med  
ein gong:

Hagestove er  
montert. Det står att berre justeringar.

I

pøsveret tysdag den 28. oktober kom hagestova og tre montørar med den. Grunnen hadde eg fått ferdig før veret slo om og eg hadde gode arbeidsforhold for betongarbeid og legging av varmekablar v/Risnes Elektro.

Hagestova er oppført slik det er beskrive i søknaden.

Som de altså finn  
ufullstendig!

Finn etter  
det mottekne brevet, naudsynt med ei orientering og nokre kommentarar:

Den 7. oktober  
hadde eg treff og samtale med ein rådgjevar i byggjesaker på rådhuset til Lindås kommune. Då vart søknadspapira gjorde ferdig til innlevering saman med rådgjevaren.  
"Det kan være at noen vil mene du kunne tegnet og limt for å vise hagestuen satt mot huset", var det einaste han kunne tenkja seg, meir enn det som var gjort.  
Til det svara eg at eg meinte mi skriftlege utgreiing om det måtte vera grei nok. Og rimeleg forståeleg!

Og eg sa vel  
og at om søknaden slik den førelåg ikkje vart godkjend, kom eg til å gje meg "katten i saka!"

Så kom brevet av 30.  
oktober.

Jau, merknaden i pkt. 4 har m.a.  
med det rådgjevaren nemnde.

MEN EG GJER

DET HERMED SÅ KLÅRT EG KAN:

Eg fann det

ganske uturvande med meir teikning / klypping og eventuelt liming på teikningar ettersom tilkoplinga til huset vårt var beskriven med, - skulle eg tru (!) forståeleg ord! Det skulle lite fantasi til for då å tenkja seg kor det vart.

Eigentleg var det berre ein måte å plassera hagestova på i høve til huset! Og kven gjeld dette? Må eg spørja!

Leverte teikningar er  
sjølvsagt MÅLSETTE. Skjønar kort og godt ikkje merknaden om manglande målsetjing.

Hagestova vedkjem faktisk ikkje særleg mange andre enn oss sjølve. Og sjølvsagt set vi opp ei hagestove som praktisk og estetisk ivaretek VÅRE ønskje for dette tilbygget! Kanskje skulle ein sakshansamar hos kommunen finna andre, og betre (?!), løysingar enn våre?

Råd frå leverandøren: "Dere bør søke.  
Og tegningene fra oss bruker være ok å bruke som vedlegg.  
Det er de som ikke søker, men det anbefaler ikke vi."

Det går fram av  
brevet frå dykk at "dersom tilleggsinformasjonen ikkje er sendt kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming". Om dette vert teke på alvor, er det berre til å arkivera med ein gong!  
Vi

skjønar det då og slik at om vi ikkje innfrir dette med tilleggsinformasjon, vert det avslutta med det som føreligg,- og det vert ikkje å rekna gebyr. Og det vert inga godkjenning! For oss er det ok å spara gebyr. Eg må likevel få spørja om kor den sunne fornuft har teke vegen!

NB!!

- DET MÅ ALDRI

BLI PÅ TALE MED NOKO FORM FOR UBEHAGELEG REAKSJON MOT OSS MEIR I DENNE SAKA!!!

KONKLUSJON og oppsummering:

Vi har levert ein svært kurrant søknad. SOM TYDELEG GJER KLÅRT KVA DET GJELD.

Spar oss

for PARAGRAFRYTTERI. Her er det det PRAKTISKE som tel!

Vi har freista gjera vårt beste for å ha det heile i lovlege former. Difor ba vi om hjelp og fekk det av kommunen. Det er då opp til dei som skal behandla saka å bruka den sunne fornuft og innsjå faktum: Hagestova er oppsett og er etter draumen til eigarane. Kven skulle den vera til sjenanse for? Det er vel eventuell sjenanse for andre som gjer at det er naudsynt med søknad!?

- Saka har ikkje særleg med

paragrafar å gjera, - men har å gjera med menneske i praktisk liv. Eg forventar at det vert skjøna!

Så enkle saker burde kunna

vorte avgjorde ved eit enkelt besøk av søkjar på eit byggjesakskontor.

Det er MEININGSLAUST å

laga meir arbeid av dette.

Det vert i alle

høve ikkje levert meir papir vedkomande saka enn det som alt er levert frå vår side.

Og for OSS ER

SAKA MED DETTE AVSLUTTA!

Med vennleg helsing

Reidar

Furelid